

Hogne Bleie
Gamlevegen
6711 BRYGGJA

Bryggja 22. desember 2015

Vågsøy kommune v/Rådmann Leite

Lovlighetskontroll i kommunestyresak 117/15, kandidatføring formannskap, med underliggjande sak 57/2015, val av formannskap.

Dei her undeteikna, alle medlemmer av Vågsøy kommunestyre som tok del i handsaminga av kommunestyresakene nemde over, vil med dette krevje lovlighetskontroll av mellom anna saksangang og resultat av handsaminga jamfør §59 i kommuneloven. Ein viser også til at representanten Hogne Bleie under drøftingane av saka den 10. desember 2015 frå talarstolen melde at krav om lovlighetskontroll ville verte fremja skriftleg innan fristen på tre veker etter endeleg vedtak.

Saka gjeld val av formannskap for perioden 2015-2019, som i september vart utført etter metoden om forholdstalval, der det i etterkant vart usemje om kandidatføringa for ei av listene. Usemja gjeld kva for to listekandidatar som skal vere faste medlemmer av formannskapet for felleslista mellom Senterpartiet (SP) og Tverrpolitisk Liste Vågsøy (TLV).

Under konstitueringa av Vågsøy kommunestyre vart det fremja og godkjend lister frå følgjande grupper og koalisjonar til val av formannskap: Høgre/KrF; AP/FrP/Rødt; Venstre og SP/TLV. Desse fekk ved oppteljinga høvesvis slik representasjon og kandidatføring: 3 (to kvinner og ein mann); 3 (ei kvinne og to menn); 1 (ein mann) og 2 (to menn).

Etter at sjølve valet og kandidatføringa vart gjennomført og godkjent vart det fremja ein merknad frå representanten Edvard Iversen, formannschaftsmedlem for Venstre, om at felleslista til Senterpartiet og Tverrpolitisk Liste Vågsøy ikkje stetta krav om kjønnsbalanse.

I etterkant vart det slege fast at listene og gjennomføringa av valet av formannskap var lovleg, men kommunestyret vart av jurist hjå Fylkesmannen oppmoda om å endre på kandidatføringa for felleslista mellom SP og TLV. Andre formannschaftsmedlem frå lista, ein mann frå TLV, skulle då bytast ut med den første (og einaste) kvinna på denne lista. Dette var ei kvinne frå Senterpartiet som opphavelg var kåra som nummer tre på lista, og dermed vart første vararepresentant til gruppa på to i formannskapet.

På møte i kommunestyret den 10. desember d.å. vart det i sak K 117/15 eit fleirtal på 18 mot 9 stemmer for å følgje dette rådet, der representantane frå SP, TLV, FrP og Rødt utgjorde mindretallet.

Bakgrunnen for saka oppsummert:

- Framgangsmåte ved valet av formannskap vart opphavleg samrøystes godkjend
- Listene til formannskapsvalet vart alle godkjende utan motsegn
- Listene hadde alle kjønnsbalanse så langt det lot seg gjere
- Det vart ingen endring av kandidatrekkefølja på listene då det vart røysta
- Oppteljinga gav eit eintydig resultat når det gjeld fordeling av mandat mellom listene

- Dei to av listene som fekk tre mandat kvar fekk kvar begge kjønn representert etter kandidatkåringa, samla tre av kvart kjønn
- Venstre fekk eit medlem i formannskapet, ein mann, med ei kvinne som første varamedlem
- Senterpartiet og Tverrpolitisk Liste Vågsøy si felleliste fekk to menn kåra til formannskapet
- Kun ei kvinne er fast representant for SP i kommunestyret, TLV har ingen kvinner
- Den direkte barkgunnen for at SP og TLV stilte felles liste var at kvinna frå SP skulle verte vararepresentant til to faste medlemmer i formannskapet
- SP og TLV kunne ha stilt med kvar si liste, der begge ville fått representasjon i formannskapet
- Det er avtalefesta mellom SP og TLV (og fleire) at begge desse kommunestyregruppene skal være representert i formannskapet i perioden

Vi reiser følgjande spørsmål om den nye kandidatkåringa der TLV mister sin plass i formannskapet:

- Kan fellelista mellom SP og TLV etter eit forholdstalval seinare verte påtvungen ei anna kandidatkåring enn stemmegjevinga opphøveleg viste?
- Kan eit flerital (18 av 27) i kommunestyret avgjere at kandidatkåringa skal omgjeras utan eit pålegg frå Fylkesmannen?
- Kvifor vert ikkje Venstre si liste, som også har ei kvinne som første varamedlem, påtvungen ny kandidatkåring for å styrke kjønnsbalansen i formannskapet som kollegium?
- Er det høve til å velje heile formannskapet på ny for å fremje den eigentlege viljen til dei folkevalde i høve formannskapsvalet?
- Kan Fylkesmannen avgjere at nytt val av formannskap med nye lister skal gjennomførast?
- Er det andre avgjerande tilhøve rundt denne saka som ikkje har vorte drøfta?

Vi ser fram til å få gjennomført lovlighetskontroll i denne saka.

Med helsing


Hogné Bleie
Fremskrittspartiet


Reiel Fagerlid
Senterpartiet


Sølvi Grov
Fremskrittspartiet